

# HAREID ROTARY KLUBB



MÅNEDSBREV MAI 2003.

ÅRGANG 39

DISTRIKT 2280

Møtedag: Mandag kl 18.00 – 19.00  
Møtested: Klubbhuset til  
Hareid IL  
6060 Hareid

President: John Stennes

Visepres.: Elisabet Sundgot  
Sekretær: Trygve Riise  
Kasserer: Oddvar Haugen  
Past pres.: Johs. J. Hareide  
Styremedlem: Ingar Bigset  
Styremedlem: Arve R. Røyseth  
Leiar ungdoms  
utveksling: Hans Gisle Holstad

Ansv. Red.: Arne Lillebø  
Referent i mai: Egil Utgård

Fødselsdager i juni:  
Sverre Bjåstad 17.06

100%frammøte i mai:  
Ingar Bigset, Sigurd Lynge Bigset,  
Johs. J. Hareid, John Jarle Holstad,  
Svein Egil Kleppe, Åge Nytnun, Arve  
Richard Røyset, Karl Johan Brandal,  
Otto Holstad, Jarle Klungsøyr, Elias  
Sellevoll, Egil utgård

Frammøteprosent i mai: 53,4 %

## Tankar i mai.

Eg vil i dette månadsbrevet for mai dele ein liten epilog som Ola Sjàk Bræk skreiv til ein ven i 1977. Ei tid som likna svært mykje på den krisa som vi no opplever i Sunnmørsk næringsliv.

---000---

Kjære Harald  
Gleden over en blomstereng i solskinn er altoppslukende fordi de ikke tror at det kan regne i morgen. Og kanskje er det bra slik. Den lille piken gleder seg over blomstene, og hun vil sørge hvis en tung sko tråkket dem ned for henne. En gang blir hun et voksent menneske med fl både for gledens og sorgens verdier, og hun vil gå morgendagen trøstig i møte enten det er solskinn eller regn. Hun vil ha tillit til fremtiden.

1977 var et problemfylt år. Krefter som vi mente vi kunne beherske, viste seg å være sterkere enn vi trodde. Det har brakt store forstyrrelser i landets økonomi. Ny teknologi velter inn over oss og påkaller vår evne til å omstille oss — og bli herre over de nye hjelpemidlene. Forandringene skjer hurtigere enn vi er vant til og blir gjerne mer dramatiske.

Solen skinte på Nordvestlandet også i 1977, om enn vi aner at det helst er ettermiddagssolen med sine grå skygger. De mørke skyene fra den store verden ligger ennå i horisonten. Men vi vet at lavtrykkene kommer.

Gjennom generasjoner har kystbefolkningen lært bølgenes bevegelse å kjenne. De har lært å leve med dem og å utnytte dem. De vet at etter en bølgedal kommer en bølgetopp.

Selv om vi har seilt på en bølgetopp i 1977, og selv om vi har en bølgedal foran oss, vil vi alltid tro at der er en vei opp igjen. Det vet de eldre som har levd her lenge. Og den viten vil vi gjerne gi de unge.

## Møte 5. mai.

Presidenten hadde til dette møtet invitert Alf Øvrelid til å halde foredrag om Norsk Landbrukspolitikk.

Alf Øvrelid har meldt seg ut av klubben fordi referenten for maiavisa i ei bisetning i eit tidlegare foredrag hadde sagt noko som han oppfatta som uvennleg overfor Norsk Landbruksnæring.

Eg vil derfor gjengi ordrett det som vart sagt, og så får kvart medlem gjere opp si eiga meining. Det kan då ikkje vere slik i Rotary at alle medlemmane skal ha same meiningane.

Då hadde det blitt lavt under taket.

Eg siterer:

“markene var grønne og fine heit inn til motorvegen, i motsetting til langs norske vegar der dei mange stader er brunsvide. Dette kjem av at det i Tyskland, i motsetting til i Noreg er forbod mot å bruke bensin med bly. Kyr og krøter gjekk for det meste fritt, og beitte i saftig grønt gras og såg etter mitt syn både sunne og friske ut.

Eg er derfor ikkje ein av dei som hevder at norske landbruksprodukter er så mykje betre enn i utlandet, snarare tvert imot.”

----0000----

Alf Øvrelid tok føre seg utviklinga i Norsk landbruk frå 1900 talet og fram til i dag. Antall bruk, sysselsetting, inntektsutvikling og effektivisering.

Han kom inn på skattereglar, avskrivningar, konkurransetilhøva, mattrygghet og kvalitet.

Mange tok del i diskusjonen etter foredraget, men referenten avstod frå diskusjonen av naturlege årsaker.

## **Møte 12. Mai**

Denne mandagen var det rekefest.

Karl Johan og Kirsten Brandal hadde stilt hytta si til disposisjon for den årlege festen, og ein betre plass skal ein leite lenge etter. Her har dei skapt seg eit Paradis.

Nyslegen strandvoll, bugnande blomebedd og fint dekkja bord møtte oss då vi samlast. Festkomiteen hadde vore i sving lenge, og rekene med tilbehør såg ferske og fine ut.

Elias Sellevoll helt eit kort kåseri om reka si nytte og glede før vi sessa oss til bords. Her skulle det etast.

Alt som vart innkjøpt gjekk med, og alle såg ut til å trivast, sjølv om temperaturen kunne ha vore nokre grader høgare.

## **Møtet 19. Mai**

Denne mandagen var det bedriftsbesøk på Libra Plast AS. Det er nokre år sida sist vi var på besøk her, og her var store endringer.

Arne orienterte oss først om korleis selskapsstrukturen no hadde blitt, om utflytting av deler av produksjonen, den delen som er mest arbeidsintensiv, til Latvia.

Bedrifta på Hareid produserer no for det meste dører og oppbevaringsskap for redningsdrakter og flyteredskap.

Ved gjennomgang i bedrifta fekk vi orientering om korleis dei ved rasjonalisering hadde meir enn halvert produksjonstida fordører.

Bedrifta har ein stabil arbeidsstokk, og tener pengar. Pengar som blir investert i bedrifta i maskiner og miljøtiltak. Over halvparten av produksjonen går til eksport.

Ei ny datastyrt maskin for produksjon av deler som skal tole høgt trykk var nettopp installert. Denne maskinen var det stilt store forventningar til.

Det er alltid kjekt å kome ut til bedriftene. Her lærer vi av kvarandre.

## **Møtet 26. Mai**

Denne var siste møtet i mai, og som vanlig gjekk praten lystig kring borda med kaffi og kaker.